# Veglysnemda referat 2018

Består av Lars Sæterdal, Frode Sørevik og Leiar Einar Sæterdal

Har hatt 4 møter der det i hovedsak har vore vedlikehold og nyoppsetting på Høgset på dagsorden. Det har vore gått over alle lysa i bygda og skifta pærer og ei lampe på Fletene. Til dette arbeidet vart det leigd lift av Ramirent og lagt ned 42 dugnadstimar. Vi har fått ein oversikt over lamper som må skiftast, men må løyse logistikken med å skifte nye pga. vegvesenet sitt lyskrav.

På Leite er linja nedkøyrt og må omleggast på grunn av høgde over veg ikkje har vore tilfredstillande(4,5meter). Og vi kan derfor ikkje kreve den opp igjen sett. Dette arbeidet med omlegginga vert igangsett dette året. Det er derfor viktig at folk stiller på dugnad når denne jobben kjem.

På Høgset har det vore lagt ned ca. 170 dugnadstimar til no. Entrepenørservice har stilt med gratis gravemaskin til gravearbeidet på grunn av at vi har vore heldig og få Ole Kristian Sørevik til og grave. I tillegg har det vore stillt med gravemaskin og traktor frå dei lokale. Stolpane er komt opp, men det gjenstår ein del arbeid med lamper og kabel strekking+++. Dette arbeidet håper vi på å få ferdig før sommaren.

Oppsetting av stolpar, samt lys og kablar hadde ikkje vore mogleg og få til økonomisk utan hjelp/dugnad frå Jøran Vallestad

Planane frammover:

# Søke om neste prosjekt.

# Få oversikt over kva vi kan nytte av matriell frå lysløypa

Her er vi då avhengig av mykje dugnadsfolk for å plukke ned utstyret mest mulig intakt.

Til slutt vil vi sei at vedlikehald og drift av eksisterande utstyr er kostnadskrevande og vil utgjere ein større og større utgiftspost. Det er fleire lamper som er begynt å bli dårlege/slutta å virke og må skiftast ut.

Helsing Lysnemda